

1. TERTIALRAPPORT 2015. ØKONOMISK OVERSYN.

Einingar	Oppr.budsj.	Reg.budsj.	Rekneskap	Avvik Regulert budsj. -rekneskap
Form.sk/K-styre	1.939	1.936	1.237	699
Levekår	168	168	10	158
LMT	203	203	4	199
Rådmannen	21.257	19.767	19.001	766
Herav avs. lønsauke				
OPPVEKST	(36.850)	(37.359)	(35.182)	(2.177)
Overordna oppvekst	3.077	3.006	2.673	333
PPT	1.137	1.173	1.076	97
Stølane barnehage	1.307	1.414	1.303	111
Kjølvikstølen barnehage	629	566	545	21
Randåsen barnehage	2.048	2.090	2.137	-47
Vinjar barnehage	2.507	2.543	2.360	183
Joagarden barnehage	2.215	2.253	2.137	116
Erfjord skule	1.731	1.779	1.663	116
Marvik skule	1.368	1.389	1.370	19
Sand skule	9.642	9.906	9.832	74
Vinjar skule	3.150	3.355	3.405	-50
Jelsa oppvekstsenter	1.642	1.684	1.641	43
Nesflaten oppvekstsen.	1.837	1.922	1.929	-7
Vanvik oppvekstsenter	1.276	1.324	1.492	-168
Gullingen leirskule	404	64	-281	345
Barnevern	2.880	2.891	1.900	991
HELSE OG OMSORG	(44.822)	(46.907)	(45.356)	(1.551)
Overordna helse og oms.	2.143	2.109	1.703	406
NAV	2.242	2.289	1.885	404
Sjukeheimen	13.475	14.147	13.303	844
Helse	5.164	5.347	6.488	-1.141
Sand bu- og omsorgssenter	6.028	6.181	5.610	571
Jelsa bu- og omsorgssenter	3.047	3.078	3.099	-21
Vinjar bu- og omsorgssenter	5.151	5.246	5.468	-222
Suldal bu- og aktivitetstilbod	7.572	8.510	7.800	710
BY, KB, KULTUR OG VAKSENOPPLÆRING	(20.543)	(21.575)	(20.295)	(1.280)
Vaksenopplæring	395	1.059	1.172	-113
Bygdeutvikling	2.942	3.028	2.683	345
Kultur	4.946	5.147	4.272	875
Kommunale bygg	12.260	12.341	12.168	173
SAMLA SUM	125.782	127.915	121.085	6.830

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafor tenestene.

Kommentarar til oversynet.

Rapporten syner eit driftsoverskott 6,8 mill. kr. pr. 30.04.

Situasjonen ser mykje betre ut i år samanlikna med tilsvarande rapport i 2014.

Nokre kommentarar kjem likevel her:

Rådmannen

Rådmannen har att om lag kr. 750.000,-. I dette ligg lønsreserve med kr. 1.035.000,- og seniortiltak med kr. 350.000,-. Det er elles utbetalt tilskot for eit halvår til kyrkja og Suldal Vekst. Tek me omsyn til dette er rådmannen på plussida med kr. 300.000.

Kommunen har fått kr.100.000,- av skjønnsmidlar frå Fylkesmannen til arbeidet med kommunestrukturen.

Vinjar skule

Skulen har sett inn ekstra personalressursar grunna elevar med særskilte behov

Vanvik oppvekstsenter

Det er nytta kr. 170.000,- for mykje ved Vanvik oppvekstsenter. Årsaka er for mykje nytta personalressurs og bruk av vikarløn samanlikna med budsjettet.

Gullingen leirskule

Det vert tilbakemeld om forventa auke i refusjonar frå brukarkommunar i 2015 med kr. 230.000,-.

Vaksenopplæringa

Det er nytta kr. 113.000,- for mykje ved Vaksenopplæringa. Overforbruket skuldast for mykje fast tilsette. I tillegg er det knytt usikkerhet til om inntektsanslaget er for høgt. Grunnen er at ein ikkje får full refusjon for alle elevane (har alt brukt av dei 2 åra med refusjon frå IMDI eller deler er utbetalt til anna kommune før dei kom til Suldal).

Det er i k-sak 014/15 vedteke å leige undervisningslokale for Vaksenopplæringa ved Rygjatun Eigedom. Leigeavtalen har ei økonomisk rame på kr. 336.000,-. Finansiering av leigeavtalen vert gjort i 1.tertialrapport 2015 for 2015, frå 01. august og ut året vert dette kr. 140.000,-. Vidare finansiering av avtalen vert gjort i budsjetthandsaminga for 2016.

Helse

Det er nytta kr. 1.140.000,- for mykje pr. 1. tertial. For mykje nytta midlar gjeld

- Dobbel legevakt for 2 legar grunna svangerskapspermisjon.
- Refusjonsutgifter bokført i 2015 som gjeld 2014. (Utgifter til helsetenester for våre innbyggjarar i andre kommunar)
- Utkjøpsavtale av 2 legar frå vikarbyrå.
- Betalt for eit halvår for fagprogram.
- Fast tilsette ut over budsjetterte årsverk.

I tillegg kjem refusjonar som er budsjetterte, men som ikkje er rekneskapsført / sendt rekning for.

- Tilsynslege / sjukepleiar Juvåsen

- Refusjon fysioterapi, jordmor og turnuslege

Tek me omsyn til desse vert det samla underskotet redusert til kr. 500.000,-.

Følgjande tiltak er sette i verk for å rette opp på dette:

- Det er ikkje nytta vikar for sjukemeldt lege
- Det er etterspurt auke (sal) av sjukepleiestilling til Juvåsen
- Helse har auka prisar på takstar som ikkje har vore regulerte slik ein kan.
- Arbeider med å bruka rette refusjonstakstar mot Helfo. (vil føra til auka refusjon)

Det er i 2014 og 2015 nytta feil takstar ved utbetaling av legevakt. Dette må etterbetalast. Ein må koma attende til kva dette vil kosta i 2. tertialrapport.

Vinjar bu- og omsorgssenter

Det er netto nytta om lag 100.000,- meir enn budsjettert. Dette skuldast færre brukarar og fleire av desse er minstepensjonistar. Det er tatt grep på utgiftssida.

Suldal bu- og aktivitetstiltak

Det er i rekneskapssaka for 2014 varsla at det vert 2,1 mill. kr. meir i refusjon for ressurskrevjande brukarar enn det som er rekneskapsført. Desse vert inntektsført i 2015. I tillegg er det forventta at refusjonen for 2015 verta høgare enn det som er budsjettert. Dette må me koma attende til i andre tertialrapport.

Kommunale bygg og eigedom

Det er inngått ny samarbeidsavtale vedkomande nødalarmeringssentral (110-sentral) for mottak av meldingar om brannar og andre ulykker. Det er Haugesund kommune som er vert i dette samarbeide, og skal godtgjerast med kr. 60,- pr. innbyggjar. For Suldal kommune utgjer dette kr. 234.000,- for 2015. Det er i budsjettet for 2015 ikkje teke omsyn til denne avtalen.

Kort oppsummert:

Meirutgifter:

Leigeavtale med Rygjatun eigedom	kr. 140.000,-
Driftsavtale nødalarmeringssentral	kr. 234.000,-

Meirinntekter:

Refusjonar Gullingen leirskule	kr. 230.000,-
Ressurskrevjande brukarar	kr. 2.100.000,-

I tertialsaka føreslår ein å tilføra midlar til meirutgiftene finansiert med del av refusjonen for ressurskrevjande brukarar.

SKATT OG FINANS

Sal av konsesjonskraft 1. tertial

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2011	5.169.471	4.246.425	4.298.936	2.67.4723	16.389.555	27.580.722	17.000.000
2012	2.157.386	2.725.113	1.256.858	1.175.534	7.314.891	14.755.940	14.250.000
2013	2.560.807	2.202.375	2.751.360	2.548.709	10.063.251	22.015.373	18.900.000
2014	1.795.179	1.583.041	1.187.858	636.732	5.202.810	12.336.496	16.550.000
2015	1.845.187	1.505.055	1.144.146	922.108	5.416.496		17.100.000

Nivå for 2015 ser pr. i dag ut til å bli lik 2014. Dvs. manglende inntekt ved årsslutt om lag 5 mill. kroner.

Skatt forskottspliktige og etterskotspliktige

	Januar		Februar		Mars		April		Sum 1. tert.		Reg. årsbudsjett
	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	
2013	10.302	0	277	22.587	14.573	-45	503	22.361	25.655	44.903	Budsj.132.000 Rekn. 129.670
2014	10.861	4	172	22.491	13.957	-161	540	22.351	25.530	44.685	Budsj.131.500 Rekn. 128.926
2015	9.941	-7	366	22.110	15.112	108	524	22.085	25.943	44.296	Budsj.134.800

Nivå for 2015 ser pr. i dag ut til å bli lik 2014. Dvs. manglende inntekt ved årsslutt om lag 6 mill. kroner.

Rammetilskot

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2013	11.969	11.969	12.861	0	36.799	98.841	96.354
2014	12.995	12.995	13.624	0	39.614	110.159	106.354
2015	12.765	12.765	14.371	0	39.901		107.375

Nivå for 2015 ser pr. i dag ut til å bli lik 2014. Dvs. meirinntekt ved årsslutt om lag 3 mill. kroner.

Eigedomsskatt

Verk og bruk i kommunen har fått nye eigedomsskattegrunnlag etter takseringa som blei gjennomført hausten 2014. **Dei nye grunnlaga ser ut til å gi oss cirka 3mill meir i årleg eigedomsskatt.** Det er kome inn klagar på nokre av takstforslaga.

Vi vonar å ha ferdig endelege eigedomsskattetall i neste tertial.

Kort oppsummert:Inntektssida:

Sal av konsesjonskraft	- 5,0 mill.kr
Skatt på formue og inntekt	- 6,0 mill.kr
Rammetilskott	+ 3,0 mill.kr
Eigedomsskatt	+ 3,0 mill.kr
Revidert nasjonalbudsjett	+ <u>0,6 mill.kr</u>
Manglande inntekt	- 4,4 mill.kr.

Med same utvikling resten av året vil det mangla vel 4 mill kr. på inntektssida ved utgangen av 2015. Det er framleis tidleg på året og me kan vona på endringar i denne utviklinga.

Skulle dette bli resultatet må ein evt inntektssvikt dekkast med bruk av reserver eller reduserte utgifter resten av året (strama inn på drifta).

Ifølge tidlegare politiske styringssignal er det forventa at driftsinntektene dekkjer driftsutgiftene.

Rådmannen kjem ikkje med framlegg om innsparing i drifta i samband med denne rapporteringa, men fortset utviklinga må dette vurderast i neste tertialrapport.

FONDSOVERSIKT

	Disposisjons- fondet	Kommunikasjons- fondet	Investerings- fondet
Saldo 01.01.15 (vedtekne disponeringar pr. 31.12.14 er trekte frå)	43,5	6,0	1,5
Løyvd av fondet i 2015			
Kjøp av grunn OVF	-14,9		
Sand skule grupperom mm (2 saker)	-3,2		
Tillegg 2. etg Helsetunet	-0,8		
Restfinansiering Vinjar skule	-4,0		
Ras Suldalslågen	-1,0		
Tømmerkai i Vindafjord	-0,4		
Avsetjing rekneskapavsl. 2014	2,0		
Restfin. Investeringar (K.45/15)	-2,6		
Tilbakebetaling forskott Håra			2,0
Forskottering tippemidlar			1,8
Restfinansiering Vinjar skule			-5,3
Til disposisjon pr. 20.05.2015	18,6	6,0	0

Næringsfondet

Budsjettert sum til utlån/støtte for 2015 kr. 4.000.000

Innvilga lån stort kr. 2.700.000

Innvilga stønad kr. 975.000

Samla bruk kr. 3.675.000

I samband med førebuande generalforsamling i SUS as vert det foreslått eit eigaruttak på kr. 2.000.000. Desse vert foreslått overført til Ulla Førre næringsfond og vidare gjort tilgjengeleg for utlån/støtte i 2015.

Til orientering ligg det føre ein søknad om lån på NOK 1.355.000 som ikkje er handsama enno.

INVESTERINGS- OG UTBYGGINGSOPPGÅVER

Det er tilbakebetalt frå Statens Vegvesen forskottering Håra med 2,0 mill kr.. Desse er nytta til delfinansiering av utbygging Vinjar skule i eiga sak(finansiert med investeringsfond). Summen vert difor å avsetja til investeringsfond.

Det er motteke kr. 833.000,- i spelemidlar vedkomande kunstgrasbane Prestavikjo. Det vil koma ytterlegare 1,0 mill. kr. til same prosjektet. Desse er nytta til delfinansiering av utbygging Vinjar skule i eiga sak (finansiert med investeringsfond). Summen vert difor å avsetja til investeringsfond.

Det er høg aktivitet når det gjeld investerings- og utbyggingsprosjekt. Vedtatt budsjett på dette området i 2015 er på 103 mill.kr. Estimert bruk innan året er omme er i dag på 63 mill.kr.

SJUKEFRÅVÆR/ ARBEIDSMILJØ

	Sum sjukefråvær 30.04.2014	Sum sjukefråvær 31.12.2014	Sum sjukefråvær 30.04.2015
Samla for kommunen	4,4	6,1	9,5

Oversikten nedanfor viser sjukefråværet på eining.

Eining nr.	Namn	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
1100	Rådmannen, drift og utvikling	43	13,7
1120	Nav	6	8,3
2100	PPT	5	4,9
2210	Stølane barnehage	12	3,0
2220/2320	Jelsa oppvekstsenter	12	1,6

2230	Kjølvikstølen barnehage	4	33,6
2240/2340	Nesflaten oppvekstsenter	14	0,4
2250/2280	Sand barnehage	29	12,4
2260/23060	Vanvik oppvekstsenter	8	25,9
2270	Vinjar barnehage	21	15,7
2310	Erfjord skule	9	11,0
2330	Marvik skule	7	6,9
2350	Sand skule	46	9,1
2370	Vinjar skule	16	5,0
2380	Gullingen leirskule	4	1,2
2395	Vaksenopplæringa	6	0,0
3110	Suldal sjukeheim	86	12,6
3150	Helse	25	5,9
3160	Barnevern	5	39,9
3210	Sand bu- og omsorgsenter	35	5,8
3220	Jelsa bu- og omsorgsenter	22	7,4
3230	Vinjar bu- og omsorgsenter	37	9,3
3240	Suldal bu- og aktivitetstiltak	45	13,3
4200	Bygdeutvikling	9	1,0
5100	Kultur	20	0,2
6100/6190	Kommunale bygg- og eigedomar	75	8,2
	Totalt	630	9,5

Me såg ved årsmeldingstidspunktet for 2014 at sjukefråværet i Suldal var stigande, men framleis langt under det som var landsgjennomsnittet i kommunesektoren. Nå har fråværet auke mykje i 1. kvartal, og er snart på nivå med landsgjennomsnittet (9,8% ved utgangen av 2014)

Einingane melder om ein god del langtidssjukemelde. Svært få av desse er arbeidsrelaterte. Somme stader kan ein utfordrande arbeidsdag vera ein medverkande årsak.

Dei fleste melder om eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen. Ingen uttalar seg negativt.

Det er grunn til uro at fråværet er aukande. Dette vert det frå einingane si side tatt tak i, men det vil vera behov for å halda fokus på dette framover. Rådmannen vil følgja opp dette gjennom einingsleiarane og handsaming i AMU.

TILSYN

Ekstern skulevurdering ved Sand skule. Rapporten vert lagt fram for LE-utvalet i september.

Barnevernet har hatt tilsyn frå Fylkesmannen i høve landsomfattande tilsyn med barneverntenester. Det er mottatt førebels rapport med to avvik. Rapporten vert lagt fram for LE-utvalet i september.

Det har vore ein fristoverskriding i høve undersøkingar.

Erfjord skule hadde i februar tilsyn på miljøretta helsevern. Dei fekk 5 avvik, i det vesentlege grunna manglande dokumentasjon. Det vert nå arbeidd med å lukka desse.

Marvik skule har hatt tilsyn på miljøretta helsevern. Dei fekk 8 avvik. Det vart føretatt radonmålingar der i fjor som viste litt høge tal. Det vert gjort tiltak for å retta på dette. Nye målingar nå til hausten.

Bygdeutvikling har hatt tilsyn frå Rogland revisjon innafor byggesakshandsaming. Ingen vesentlege avvik.

Helse har i 2014 hatt tilsyn på helsestasjon og fysioterapiavdelinga. Tilbakemelding frå Fylkesmannen er ennå ikkje mottatt.

AVVIK

Det nye avvikssystemet vart tatt i bruk i kommunen i fjor. Den siste tida har det for nokre einingar oppstått ein del systemvanskar. Desse er det nyleg gripe fatt i. Reknar med at det er i full drift att om kort tid.

Det er på nokre av skulane oppstått mobbesaker/ krenkjande åtferd, sak om skulevegning og valdeleg elevåtferd. Det vert arbeidd aktivt med desse sakene.

Hausten 2014 var det i Stølane barnehage tilsyn på miljøretta helsevern der dei fekk fleire avvik. I februar dette året fekk barnehagen tilbakemelding om at avvika var lukka og godkjendte etter forskrifta.

Fleire avvik i skule og omsorg gjeld bruk av tvang frå tilsette eller fysisk utagering frå elev eller brukar.

Jelsa bu- og omsorgssenter melder om avvik på legemiddelhandtering. Nye retningslinjer er laga.

TVERRFAGLEG- /SEKTORIELT SAMARBEID

Helsesamarbeidet med kommunane Vindafjord, Etne Sauda og Suldal er avslutta då det ikkje vart noko av legevaktsamarbeidet. Rådmennene har i oppdrag å vurdere om samarbeidet vedkomande frisklivskoordinator og kreftkoordinator skal fortsetja.

Kommunen deltar i KS-nettverket – Kvardagsrehabilitering.

Barnevernet er med i prosjektet Mitt Liv gjennom Forandringsfabrikken. (Forandringsfabrikken har som mål at barne og unge skal vera med å bestemma hjelpa dei skal ta imot)

Sand barnehage bidrar med øvingslærer for studentar i samarbeid med HSH (høgskulen Stord/Haugesund).

Vinjar skule samarbeider med Helse Fonna og bedriftshelsetenesta med rettleiing av personalet vedkomande elevutfordringar.

Kulturskulen har etablert eit samarbeid med ein musikkskule i Tivat i Montenegro for fagleg påfyll og med elev- og lærarutveksling. Skulen ser verte av å læra andre folk og kulturar å kjenna.

Som ein del av Hauglandsløftet får PPT til hausten, i lag med SePU (senter for praksisretta utdanningsforskning ved Høgskulen i Hedemark) , ei sentral rolle som rettleiar i prosjektet Relasjonsbasert klasseleiing. Vinjar skule deltar frå Suldal.

DEI EINSKILDE EININGANE.

Rådmannen

Innan helse- og sosialpolitikken er arbeida starta med å vurdere korleis omsorgstenestene skal vera i framtida.

I årsmeldingssaka er rådmannen beden om å rigga eit prosjekt for å skaffa fiber på straumkabelen til England og arbeida for plassering av grønt datasenter. Det er ikkje budsjettet midlar til dette i 2015.

Barnevernet:

I barnevernet er det to nye tilsette, ein fast og ein i vikariat. Det og innleidd konsulent grunna langtidssjukemelding.

Barnevernet har møtt i fylkesnemnda tre gonger så langt i år. Førebuingar til slike møte er svært ressurskrevjande.

Det vert arbeidd med å etablera eit felles barnevern i Suldal og Sauda, med Sauda som vertskommune. Sak til politisk handsaming er venta hausten 2015.

PPT:

Det vert arbeidd med felles PPT for Suldal og Sauda med Suldal som vertskommune. Sak til politisk handsaming er venta hausten 2015.

I ein ny NOU 2015:2 - Å høyre til – er det føreslått ei utviding av PPT- kontora sitt mandat for å hjelpa skulane med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å kunne leggja opplæringa og det psykososiale miljøet betre til rette for alle elevane, ikkje berre dei med spesialundervisning.

Sand barnehage:

Barnetalet for hausten ser nå ut til å bli redusert.

Det er barn frå forskjellige kulturar. Ser svært positivt på dette, men det er og knytt utfordringar til arbeidet med barna og foreldresamarbeidet. Det er trong for kompetanseheving på dette området.

Jelsa oppvekstsenter:

Det vil bli auke i barnetalet i barnehagen på Jelsa oppvekstsenter frå hausten av.

Erfjord skule:

Det er sett opp klatrepjramide i skulegarden, oppsett på dugnad.

Nesflaten oppvekstsenter:

Vegen mellom Røldal og Nesflaten har vore stengd 15 arbeidsdagar i vinter. Dette har skapt større utfordringar då senteret har fleire tilsette busett i Røldal.

Kultur:

Det vert arbeidd med gode vaktrutar i Suldalshallane.

Ein del av det tekniske utstyret på kulturhuset er modent for utskifting både grunna slitasje men og grunna ei rivande utvikling i teknikken og at kvalitetskrava vert høgare.

Bygdeutvikling:

Det er tilsett ny rådgjevar med hovudansvar for skogforvaltning.

Helse:

Det er tatt i bruk nytt nødnett i april og alle som brukar dette i eininga må ha kurs.

I løpet av 1-2 år må tre fastlegar ha sjukehuspraksis som del av spesialistutdanninga, til saman 6-12 månader. Dette grunna regelendring for legar utdanna utanfor Norge.

Sjukeheimen:

Det har i vinter vore mange ledige langtids plassar, men er minkande nå. Bruken av korttids plassane svingar mykje.

Jelsa bu- og omsorgssenter:

Fleire ledige bustader over ein lengre periode. Arbeidet i heimetenesta har og minka.

Gullingen leirskule:

Grunna store snømengder i vinter er det blitt noko skade på båtar og kanoar

Kommunale bygg- og eigedomar:

Grunna lang og snørik vinter har brøyteutgiftene blitt høge. Midlar avsette til reasfaltering vert vurdert nytta til å dekkja dette.

Det er høg aktivitet når det gjeld investerings- og utbyggingsprosjekt. Vedtatt budsjett på dette området i 2015 er på 103 mill.kr. Estimert bruk innan året er omme er i dag på 63 mill.kr.